



Landbruk  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 22/8798 - 22/97682

Saksbehandlar:  
Kjartan Medaas  
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:  
23.12.2022

## **Søknad om deling til handsaming etter jordlova - gbnr 346/1 Åsebø**

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom  
Byggjestad: Gbnr 346/1  
Tiltakshavar: Ivar Magnar Dalland  
Heimelshavar: Atle Magne Dalland  
Ansvarleg sækjar: Norstrand Eiendomsrådgiving AS


Saka gjeld søknad om oppretting av ny grunneigedom rundt eksisterande fritidsbustad. Fritidsbustaden er opprinneleg hønehus ombygd og brukt som hytte sidan om lag 1974.

Det er i administrativt vedtak saknr. 599/20 datert 11.06.2020 gjeve løyve til bruksendring til fritidsbustad. Utval for drift og utvikling i Meland kommune gav i saknr. 79/2018 datert 16.10.2018 dispensasjon frå LNF formålet for bruksendring frå hønehus til fritidsbustad.

Det er søkt om deling etter læra om frådelling til uendra bruk.

Gbnr 346/1 er registrert med eit areal på om lag 324 da i matrikkelen. Omsøkt areal er registrert som bygd i NIBIO sitt gardskart.

### **Kart**



### Planstatus

Aralet ligg i uregulert område sett av til LNF i kommunedelplan for Meland. Aralet er også omgjeve av omsynssone H190\_1 som er sikringssone for Rylandsvassdraget.

### VURDERING

For handsaming etter plan og bygningslova må det vurderast om søknaden tilfredsstillar vilkåra som må vera oppfylte for at søknaden kan handsamast etter læra om frådelling til uendra bruk. Mellom anna om bygninga var etablert og lovleg før eigedomen vart sett av til LNF.

Om kommunen finn at søknaden ikkje kan handsamast etter læra om frådelling til uendra bruk må det søkjast om dispensasjon frå LNF formålet i kommunedelplanen.

### Jordlova

Då tomta ligg på ein landbrukseigedom må saka handsamast etter jordlova før ho kan handsamast etter plan og bygningslova. Ber derfor om uttale eller vedtak om deling etter §12 i jordlova.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Plan og byggesak

Kjartan Medaas  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

- 4. Fradelingskart
- 3. Krav om matrikulering
- 1. Følgebrev til søknaden - gbnr 346/1 Åsebø
- 10. Tillatelse til bruksendring av 11.06.2020
- 9. Avkjøringstillatelse av 29.05.2020
- 7. Utslippstillatelse av 25.11.2019
- Søknad om fradeling av hyttetomt - gbnr 346/1 Åsebø

**Kopi til:**

Norstrand Eiendomsrådgivning As	Storebotn 10	5309	KLEPPESTØ
---------------------------------	--------------	------	-----------

**Mottakarar:**

Landbruk	Postboks 4	5906	FREKHAUG
----------	------------	------	----------